

Søkjer om midlar til kulturprosjekt**22.09.2010****Styrar Marianne Lyngnes Bjørnebøle**

Uskedalen Barnehage har no søkt Kulturdepartementet om 72,000 kroner i stimuleringsmidlar til kultur i Inkluderende Arbeidsliv.

Føremålet er å auke trivsel og nærvær på arbeidsplassen og å sveise teamet saman gjennom fellesopplevingar. Dei har kontakt med malar Olaf Storø og songar Berit Meland.

Saman vil dei vere med å gje personalet i barnehagen ei oppleveling av kunst og song med det føremål å spre glede.- Glede gir kraft, som ein treng i kvardagen, blir det understreka i søknaden.

Det er lagt opp til to samlingar innan eit halvt år, den første i byrjinga av juni og den andre midt i august.Under den første drar personalet til Ryvarden fyr der Storø var med og starta Galleri Ryvarden.Under den andre, som blir i Kvinnherad, blir tråden tatt opp frå første samling og stikkord for samlinga blir song, stemme.

På personalmøta og planleggingsdagar i barnehageåret 2011/2012 vil ein fortsetje å arbeide med team og teamutvikling. Dei vil bruke erfaringane frå møta med Storø og Meland til å bli meir bevisste som menneske og deira roller i teamet.

To spørsmål som då vil stilt er desse:
Kva er den enkeltes sterke side?

Kva er mi styrke i arbeidet med å utvikla teamet og arbeidsmiljøet vidare?

Det blir lagt opp til ein eigeninnsats for 58.230 kroner.

Av Ola Matti Mathisen